

ÅRSMELDING TRIMGRUPPA 2013

Trimgruppa har også i 2013 plassert klippetenger på ulike toppar og seld klippekort til 10-fine turar. Me har i tillegg hatt tilbod om turorientering og arrangert eitt turorienteringsløp. Trimgruppa har bidratt til at bassenget har hatt ope tysdagar og laurdagar. Trimgruppa har også bidratt til at det er laga nytt orienteringskart på Ostereidet. Eksisterande kart var frå midten av 70-talet, og mykje har endra seg i området sidan den tid.

Symjing

Symjetilbodet er godt motteke av dei som kjem, men fortsatt er det plass til fleire. Me er 12 badevaktar som som har ansvar for kvar sine to veker i sesongen.

Ungdomsskuleelevarane fekk i haust tilbod om crawlekurs, men [fordi](#) kun 4 stk meldte seg på vart kurset avlyst. Me prøver att til vinteren og håper på større interesse [då](#).

Orientering

Årets turorientering hadde poster [på](#) det nye kartet [av](#) Ostereidet, samt det gamle kartet over Baståsen; totalt 23 poster. Det vart seld over 20 konvolutter med kvar sine 4 kontrollkort. Det kom 30 kontrollkort i retur, [og desse var med i trekninga av fine premiar](#).

Eikanger arrangerte også eitt orienteringsløp i Hopsdalens. Ingvard Jordal og Jon Arne Hopsdal arrangerte løpet med litt hjelp frå trimgruppa.

Volleyball

På Kløve var det eit lag i trimserien 2012/2013. Ca 10 damer deltok, men dette laget er dessverre ikkje påmeldt i sesongen 2013/2014. Det er også ein gjeng på ca 15 stk. som spelar volleyball onsdagar på Ostereidet, desse er heller ikkje med i nokon serie.

Gubbetrim

Kristian Bjørge har lenge vore primus motor for dette tilbodet, og er stadig å sjå i hallen. Ernst Tvedt har overteke stafettpinnen, og det er innebandy som står på programmet fredagskveldane i vinterhalvåret.

10-fine turar

Det vart «all time high» i klippekortsaled til 10-fine turar. Nærare 200 klippekort var seld, og mange rapporterer om at turane gjev dei den ekstra motivasjonen dei treng for å koma seg på tur. Dette er også hovudintensjonen med tilbodet, så turoppligg vert det også neste år. [To personar vann kvar sitt nettbrett og 10 andre vann kvar sin Eikanger-buff](#).

Budsjett 2014 Inntekter

10-fine turar 4000,-

Symjing 2000,-

O-løp 1000,-

Turorientering 2000,-

Totalt 9 000,-

Livredningskurs 2000,-

Premier 4500,-

Årsavgift krets 1000,-

Premier løp 1000,-

Merker turorientering 1000,-

Symjekurs 3000,-

Diverse 3500,-

Totalt 16 000,-

For Trimgruppa
Anders Eidsnes